



## Notat

Dato: 22.09.2014  
Arkivsak: 2014/19497-7  
Saksbehandlar: Iarbirk

---

<b>Til:</b>	Jan Nordø
<b>Frå:</b>	Lars Øyvind Birkenes

---

### **Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om konsesjon for overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk i Kvinnherad**

#### **Kulturminne og kulturmiljø**

I konsekvensvurderinga viser Sweco til at verken inngrep ved vatn 1062 eller 1112 ser ut til å påvirke registrerte kulturminner og konkluderer difor med at tiltaket får *ubetydelig konsekvens* for temaet.

Hordaland fylkeskommune kan heller ikkje sjå at den omsøkte utbygginga i samband med overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk vil få konsekvensar for automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne

#### **Vurdering og tilråding**

Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensane er eventuelt knytt til visuell påverknad på nærliggjande ferdsleveg sør for Pyttafloene som kjem opp Hardingaskaret og går vidare nordaustover over tangen mellom Bukkaspelvatna.

Konsekvensvurdering gir ei rimeleg god skildring av konsekvensane planlagt tiltak vil ha for kulturminne. Det er lite potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Grunnen består for det aller meste av snaufjell.

Det vil ikkje verta stilt krav om arkeologisk registrering i samband med ei eventuell utbygging.

#### **Konklusjonen:**

Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Det vil ikkje verta stilt krav om arkeologisk registrering i samband med ei eventuell utbygging.